



# LYNGMO GLYTTE



- ★ **Nye tilsette i staben på Lyngmo!**
- ★ **Loppemarknad 27.-28. september**
- ★ **Somarsesongen 2019**
- ★ **Haustleirane**

**- sjå baksida for informasjon!!**



# Helsing frå Lyngmo

Me har nyleg komme inn i første haustmånaden. Sist veke rulla dei siste campingbilane ut frå tunet, teltpluggane vart drege opp frå teltområdet, medan turistane sjekka ut frå hyttene og internatet. Det har gått over 3 månader sidan me opna sesongen i midten av mai, noko som er ny rekord i sesonglengde hos oss. I løpet av sommaren har me hatt nokre faste arrangement (Lerum Cup, Bibelsommar i Vest og familieleir for Familiefokus) og i ledige periodar har gjester frå alle verdas kantar fylt opp camping, rom og hytter. Siste helga i august hadde me også besøk av Røde Kors som hadde leiarkurs/lagførarkurs. Det er kjekt at me også kan leggje til rette for andre viktige organisasjonar sitt arbeid! Denne sommaren har me hatt 11 flotte sommarvikarar som har bidrege til ei god gjennomføring av sesongen. Tusen takk for hjelpa til dykk!



*Campingplassen ligg idyllisk ved Hafslovatnet*

## Staben

I sist utgåve av Lyngmoglytten skreiv eg om at me har vore heldige og hatt ein stabil stab dei siste åra. Det er me takksame for! I sommar

vart det likevel litt endringar då to av dei faste i staben har byrja i andre jobbar.

## ***Kjøkkenet***

Anette Mjølsmesnes har vore tilsett i ca. 3 år på kjøkkenet på Lyngmo. I løpet av tida på Lyngmo har Anette, i tillegg til å koke, fått ansvaret for menyplanlegging, bestilling og anna administrasjon for kjøkkenet. Ho har også nytta landskapsutdanninga si og gjort ein stor jobb med å lage ein plan for uteområdet på Lyngmo. Tusen takk for godt samarbeid og for at du har stilt opp når det har vore behov for det! Rekkje Stiuutvikling er heldige som får deg med på laget!

Arve Henning Bringe har teke over stillinga til Anette og tok til i jobben (45 % fast stilling) i slutten av august. Arve Henning er bonde og driv garden heime. I tillegg har han mykje erfaring frå ulike kjøkkenjobbar. Me ser fram til å ha deg med i staben på Lyngmo!



*Arve Henning Bringe er tilsett på kjøkkenet frå 1. september*



## Barne- og ungdomsarbeid + sommardrift

Endre Hilleren har vore tilsett i seks år på Lyngmo. No har han fått moglegheit til å gå inn i eit vikariat som lærar på den vidaregåande skulen i Sogndal. Dermed har Endre fått 1 år permisjon frå stillinga på Lyngmo. Emely Amdal er tilsett som vikar i stillinga, som er sett saman av 70 % Barne- og ungdomsarbeid og 20 % som ansvarleg for sommardrifta (camping og gjestehus).



*Endre skal ha eitt års permisjon og Emely er kommen inn i stillinga som Barne- og ungdomsarbeidar!*

Det kan opplevast som krevjande å erstatte gode folk. Denne gangen kjenner me på stor takksemnd for at det har lagt seg så godt til rette. At me har fått nye flotte personar som har takka ja til å bli ein del av staben på Lyngmo!

Velkommen til oss i Team Lyngmo!!

### Leirdrifta

På forsommaren fekk eg sjølv moglegheit til å bli med på leir. Det var eit flott møte med 2. – 4. klassingar og medleiarar. Deltakarane fekk lære om heltar i Bibelen – med hovudoverskrift «Jesus, du er helten min!». Det er kjekt å få bruke tid saman med deltakarane, bli



kjent og leike med dei, og ikkje minst få dele trua mi med dei! På Lyngmo ønsker me at borna får lære om Jesus og bli kjent med han!

Helsing Kjetil

## Nye møblar !!

I løpet av sommaren har me fått nye møblar i internatstova! No er det ekstra fint og mykje meir triveleg å bruke denne stova.

Det vert også kjekt å ta det i bruk til leiarsamlingar om kvelden på leir!



# Torsdagar på Lyngmo

## **Småbarnstreff 0-2 år**

Småbarnstreff er annakvar torsdag kl 10.30 med mat og hyggelig prat. Bli kjent med foreldre og babyer frå same kull. 50kr pr.gong

Hausten 19: 22.8 - 5.9 - 19.9 - 3.10 - 17.10 - 31.10 - 14.11 - 28.11 -12.12

## **Knøttekoret (0 - 6 år) og Torsdagsklubb (1. - 4. klasse)**

Knøttekoret og Torsdagsklubben har felles tidspunkt torsdag ettermiddag klokka 17.30 og avsluttar saman med kveldsmat.

Knøttekoret: Syng og leikar

Torsdagsklubben: Andakt, hobby-aktivitetar og leik

Hausten 19: 29.8 - 12.9 - 24.10 - 7.11 - 21.11 - 5.12



8.-10.november 2019

**INSPIRASJONSELG FOR  
KVINNER**

Lyngmo Ungdomssenter

*Der målet er å verte inspirert av Jesus og kvarandre!  
Det blir ei avslappande helg på Lyngmo  
med ferdig oppreidd seng, nydeleg mat, lovsong,  
bønn og hyggelig samvær.*

*Margareta Magnus blir med oss for å ha spennande seminar.  
Eili og Magni leiar lovsong som alltid før.*

*Pris 1730,- (tillegg for enkeltrom 430,-)  
Dagpass laurdag 710,- frå kl. 10:00  
Studentar heil helg: 1120,- (ikkje oppreidd seng)*

*For påmelding og informasjon: [www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com)*



# Sommarsesongen 2019

Sommaren på Lyngmo startar ikkje heilt før dei første turistane rullar inn på tunet. Nokre av turistane er ganske glade i å prate med folk der dei kjem, og nokre av dei får ein ganske interessante samtalar meg og. Dei pratar om alt frå deira tur til kva Lyngmo er. Nokre av dei som kjem snakkar ikkje noko særleg med engelsk eller norsk. Eg vil tru det ville vært ganske gøy å vere flue på veggen under ein av desse samtalan! Som oftast kjem me til ei forståing som gjer til at begge partar kan puste ut etterpå. Som Team Lyngmo får me sommarvikarar moglegheita til å tene desse ved å møte dei med eit smil og ynskje dei velkommen til Lyngmo. Me prøvar å forstå og bli forstått, nokre lagar frukost til dei, andre vaskar rom, sit i resepsjonen og vaskar sanitæranlegget. Me jobbar i lag, får lene oss på kvarandre og bygge kvarandre opp.

Gjennom sommaren har me fått moglegheita til å prate med og leggje til rette for at gjestene

våre skulle få erfare litt av Guds kjærleik her på Lyngmo, ved å prøva å legge best mogleg til rette for dei. Alle sommarvikarane har vore flinke til å vere behjelpelege, yte service, selje kiosk varer (takk til Lerum cup, Bibelsommar i vest og UIO familiefokus ungane!), organisera campingplassen og møta alle dei som har kome inn døra på ein god måte!

Eg er veldig takksam for at eg har hatt kollegaer i sommar som synes det er viktig med sommardrifta på Lyngmo, medan den legg til rette for alt arbeidet som skjer på huset resten av året! Sommaren hadde ikkje vært den same utan dykk og trivelege gjester, sjølvsagt.

Tusen takk for ein fin sommar!

Helsing Emely

*\*Emely var sommarvikar i sommar og er i etterkant tilsett som vikar som barne- og ungdomsarbeidar og ansvarleg for campingdrifta!*



*Ein fin morgon for campingturistane!*

Dette er ein leir for deg som går i 2. - 7. klasse og som likar å syngje!  
Me lagar til eit flott kor, lærer nye songar og har det kjekt saman!  
Det vert også tid til vanlege leiraktivitetar: Andakt, leirkveld, kiosk og tid for venner!

## Barnas Songleir 2019

15 - 17. november

Leiren avsluttast med LEIRKONSERT på søndagen klokka 13.00

*Musikalsk ansvarleg er Solveig og Andreas Westermoen*



## Leirtravaren

**Namn:** Aurora T. og Aurora V.

**Alder:** 9 (Aurora T) og 8 ½ (Aurora V)

**Kjem frå:** Lauvhaug og Åberge

**Har de vore mange ganger på leir?**

Ja! Me har begge vore på om lag 5 leirar. Vinter, sommar og haust!

**Har de lært noko nytt frå Bibelen?** Lært historia om Daniel i løvehola.

**Kva tykkjer de det er kjekt å gjera på leir?** Me synes egentlig alt er kjekt, men ekstra kjekt er leirkvelden!

**Kva var den kjekkaste aktiviteten:** Å køyra kano :)



# Dette skjer på Lyngmo

## SEPTEMBER 2019

- 19. Småbarnstreff
- 20. - 22. 2 - 4 klasseleir
- 27. - 28. Loppemarknad

## OKTOBER 2019

- 3. Småbarnstreff
- 4. - 7. Leir for 4 - 7 klasse
- 17. Småbarnstreff
- 18. - 20. Ungdomsleir for (8.kl - 3.vgs)
- 24. Knøttekor og torsdagsklubb
- 25. Haustbasar
- 31. Småbarnstreff

## NOVEMBER 2019

- 1. - 3. 16 - 30 leir
- 7. Knøttekor og torsdagsklubb
- 8. - 10. Dameleir
- 14. Småbarnstreff
- 15. - 17. Barnas songleir (2 - 7 klasse)
- 21. Knøttekor og torsdagsklubb
- 23. Juleverkstad (4 - 12 år)
- 28. Småbarnstreff

## DESEMBER 2019

- 5. Knøttekor og torsdagsklubb
- 6. Julemiddag for alle
- 12. Småbarnstreff

## 21. Julemiddag for Ungdom

- 31. - 1. Nyttårsfeiring

## JANUAR 2020

- 2. Juletefest
- 9. Småbarnstreff
- 12. Inspirasjonssamling NLM, Sogn
- 16. Knøttekor og torsdagsklubb
- 23. Småbarnstreff
- 30. Knøttekor og torsdagsklubb

Minnegåve: Tusen takk for gåvene

som vart gitt i samband med gravferda til Jomar Skjerven!

## Selskap, konfirmasjon eller minnestund?

På Lyngmo:

- Er staden for å samle familien.
- Vert det servert god mat som folk flest likar☺
- Er det kjekt for borna: Gymsal og eige aktivitetsrom!

- \*Me tilbyr også catering med kaldtbord, middag eller snittar!
- \*Ta kontakt for informasjon / tilbod!





# "NORGE P.P."

Returadresse:  
Lyngmo Ungdomssenter  
Lyngmo 21  
6869 Hafslo  
Telefon: 57684366

E-post:  
lyngmo@lyngmoinfo.com  
Heimeside:  
www.lyngmoinfo.com  
Gåvekonto: 3000.32.79177

GDPR: LyngmoGlytten vert sendt til personar som har vore på leir eller som på anna måte har bedt om å få tilsendt bladet. Ta kontakt dersom du ikkje ønskjer å få det tilsendt lenger!

# HAUSTLEIR

2 - 4 klasseleir	20.-22. september	675,-
4 - 7 klasseleir	4. - 7. oktober	835,-
Ungdomsleir (8.kl - 3.vgs)	18.- 20. oktober	750,-

Det blir gitt 25% søskenmoderasjon frå og med søsken nr. 2.

Bruk påmeldingsskjemaet på heimesida for påmelding. Då får me registrert alle opplysningane me treng!

Informasjon:

<https://www.lyngmoinfo.com/leir/>

*«Alle med»: For enkelte familiar vert det for stor kostnad å reise på leir. Dersom dette gjeld dykkar familie kan de ta kontakt på e-post([lyngmo@lyngmoinfo.com](mailto:lyngmo@lyngmoinfo.com)) Då prøver me å leggje til rette for alternative støtteordningar.*

## Me ønsker å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

## Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal leggje fram politiattest

